

Rustne Menn gledde beburarane på Husnestunet.

19.12.2019



Rustne Menn gjesta Husnestunet med songprogram i denne veka. F.v: Svein Rimestad, Tore Nordahl Pedersen, Reidar Myklebust og Kristian Bringedal.

**Rustne Menn har i år, som i fjor, lagt inn eit førjulsbesøk på Husnestunet med songprogram og sosialt samvære. I år var medlemer fra Uskedal Helselag og kyrkjekoret Nordsaang med på samlinga. Til opning vart diktet Om å bera av Jan Magnus Bruheim lese med eit innhald som høver godt for å skapa stemning i møte med brukarar og tilsette.**

Reidar Myklebust var med og starta song- og musikkgruppa Rustne Menn. Så vart han sjuk og har i dag fast plass på Husnestunet. Reidar syng og har rytmen er framlei med når det høver slik.

Det er i dag berre to beburarar frå Uskedalen på Husnestunet. Begge fekk juleblom av leiaren i Uskedal Helselag, Eli Roesth Eik.

Det var god allsong på Dagstova. Førjulsbesøket var gjort godt kjend på avdelingane og frammøte var svært bra. Rustne Menn hadde sin soloavdeling med songar som Du venta på meg av Reidar Brendeland, Dublin i min gråt og Anna Lovinda av Erik Bye.

Det var Reidar som kom til Uskedalen med teksten The Fields of Athenry med innhald henta frå Irland i tida med hungersnaud kring 1850. Reidar sa fram ei kort innleiing og var forsongar.

Opninga og slutten på diktet Om å bera lyder slik:

**Skapte er vi til å bera og lett børene for kvarandre.**

**Til fånyttes lever ingen.**

**Den mannen ber tyngste børi som ingen ting har å bera.**

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Elin Stene